

Fra: "Liselotte Aas" <Liselotte.Aas@aenergi.no>
Sendt: mandag 23. februar 2026 15.31.07
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Uttale 202521494

Hei,

I forbindelse med nabovarsling av grunneier ifm. prosjektet reetablering av dam Longerak, kom grunneier Tellef Lunden på 54/2 med innspill, som ble sendt til oss.

De er vedlagt under og oversendes til NVE ifm. behandling av detaljplanen for miljø og landskap.

Liselotte Aas |
Prosjektleder
bygg



Liselotte.Aas@aenergi.no
+4795047447

www.aenergi.no

Empowering a renewable future

Fra: Tellef Lunden <Tellef.Lunden@aenergi.no>

Sendt: fredag 30. januar 2026 16:03

Til: Liselotte Aas <Liselotte.Aas@aenergi.no>

Kopi: Jørgine Sofie Mosdøl <Jorgine.Sofie.Mosdol@otrakraft.no>

Emne: SV: Dam Longerak - nabovarsling

Eg bekrefter å ha fått nabovarsel.

Legg og ved innspel til søknaden.

Mvh

Tellef Lunden

Vedrørende bygging av ny dam ved Longeraksvatnet

Eg har som grunneigar hatt noko kontakt med Otteråens Brugseigarforening i prosjektfasen. Den endelige søknaden har eg ikkje sett og vil derfor kommentere nokon moment som eg tidlegare ikkje var klar over.

1. Brønn: Det er brønn for drikkevatt i elva ca 100m nedstrøms kraftstasjonen. Det er per i dag tre husstander + Bygdestoga som er nyttar denne brønnen. I samanheng med bygging av ny dam vil eg tru at elva kan bli ein del forureina av finmassar. Vil ikkje tru det er hensiktsmessig med silt gardiner eller liknande. Ynskjer difor at det vert utført nokre enkle tiltak for å sikre vatn og filtrering til denne brønnen. Med litt graving og tilførsel av filtreringsmasse så trur eg dette skal vere i orden. (Den ligg kloss i elva)
2. Traktorveg: Eg meiner det er meir fornuftig at forlenginga av traktorvegen, vert beholdt etter arbeidet, i same standard som eksisterande traktorveg. Dette trur eg er i interessa til både Å Energi og grunneigar mtp framtidig vedlikehald og beredskap. (Side 11) Traktorvegen må nok også opprustast noko ca 60 m før nåverande sluttpunkt. (bilete nedst til høgre side 21) Usikker om dette er tatt med i plan, men det kjem ikkje fram av skissa på side 13. Foreslår at Å Energi sørger for at denne vegen vert regulert og godkjent.
3. Permanent deponi: Det er søkt om permanent deponi i vik nær dammen. Usikker om dette er ei god løysning med tanke på innsnevring av vannveg. Ein vil kunne få falltapspåverka vannstandsmål om ein fyller endå meir masse ut i denne kilen. Dette vil Knut Høgevold kunne gi betre svar på. Eg anbefaler heller å fylle ut i Lislevatn, nedstraums dammen. Eventuelt ei fordeling mellom desse. Lislevatn er ikkje regulert og slik vil utfylling i dette vatnet ikkje vere sjenerande ved nedregulering! (Side 13) Det bør også vurderes moglegheita for å nytte overskuddsmasse i damprosjektet til veg eller overdekking av røyrtrase, når dette vert aktuelt om ei stund

4. Båtopptrekk: Vil i alle utfall av punkt 3) ynskje at det legges til rette for å sette ut/ta opp båt i Longeraksvatn vha båthenger.
5. Håndhugde stein: Dagens dam er i sin heilskap planlagt fylt ut i Longeraksvatn. Deler av eksisterande dam, rundt tappeluke, består av håndhugga lokale stein frå utbygginga for over 100 år sidan. (sjå bilete side 34) Eg meiner desse fortener gjenbruk i ein annan form enn fyllmasse. Det skal etter kvart byggast ny kraftstasjon ved fjorden og då kan sikkert denne steinen gjenbrukast. Om det er som ein tørrmur mot støy, eller anna, så vil dette om mogeleg, ta igjen litt av prakta frå den gamle kraftstasjonen i forblendingsstein. Eg kan stille areal for mellombels lagring.

Helsing
Ditt navn
Grunneigar 54/02

Tellef Lunden |
Driftsingeniør

Å
ENERG

Tellef.Lunden@aenergi.no
+4790153499

Sensitivity: General business information

Fra: Liselotte Aas <Liselotte.Aas@aenergi.no>

Sendt: tirsdag 27. januar 2026 15:39

Til: Tellef Lunden <Tellef.Lunden@aenergi.no>

Emne: Dam Longerak - nabovarsling

Hei Tellef,

Viser til epost fra Jørgine ang. NVEs høring av detaljplan for miljø og landskap.


Bygland kommune er også opptatt av at du skal nabovarsles om at det søkes dispensasjon fra kommuneplanens arealdel. Dette er omtalt i detaljplanen for miljø og landskap kapittel 4.6.

Mulige merknader til dispensasjonssøknaden må sendes til oss innen to uker (dette er et krav i PBL).

Ta gjerne kontakt med oss dersom du har spørsmål til innholdet i detaljplanen eller dispensasjonssøknaden.

Legger ved søknadsbrevet til Bygland kommune.

Ønsker deg en fortsatt fin dag!



Liselotte Aas
Prosjektleder bygg | Å
Energi Vannkraft AS

Liselotte.Aas@aenergi.no
+4795047447
K14, Skippergata 23, 4611
Kristiansand

www.aenergi.no



Empowering a renewable future

Sensitivity: General business information